



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavingdelinga

Kunngjering av søknad frå Risa AS om løyve etter forureiningslova for mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på ein lokalitet i kvar av kommunane Hå og Bjerkreim

Med heimel i §11 i forureiningslova har Risa AS søkt Fylkesmannen i Rogaland om løyve for mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt.

Søknadane gjeld eigedomane gnr.29, brn.5 i Hå kommune, med besøksadresse Gudmestadvegen 371, 4365 Nærbø og gnr.58, bnr.2 på Moi i Bjerkreim kommune.

Eldre bygningsbetong kan innehalde farlege miljøgifter som til dømes PCB. Verksender som ønskjer å gjenvinne betong må derfor søkje om særskilt løyve til dette. Det vil i eit løyve verte stilt krav om tiltak som avgrensar forureining, medrekna utslepp av støy og støv. Det vil og verte stilt krav om tilstrekkeleg mottakskontroll til å sikre at avfall som er forureina av miljøgifter ikkje vert nytta til gjenvinning.

Søknadsdokumenta som gjeld anlegget i Hå vert lagt ut til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i Rådhuset på Varhaug, samt på Hå kommune sin nettstad.

Søknadsdokumenta som gjeld anlegget på Moi vert lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset på Vikeså, Coop-butikken i Bjerkreim og på Bjerkreim kommune sin nettstad.

Søknaden for begge lokalitetane er lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland> under "Snarvegar" og Høyringar".

Moglege merknader til søknadane skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavingdelinga, postboks 59, 4001 Stavanger eller per e-post til fmropost@fylkesmannen.no innan 4 veker frå kunngjeringsdato.